

Bjørgvin Kyrkjesongforbund - - Bjørgvin Kirkesangforbund,

## **BKSF Årsmelding 2016.**

Bjørgvin Kirkesongforbund er eit lokalforbund i Norges Kirkesangforbund, og medlem av Hordaland Muisikråd. Forbundet har som formål å fremja kyrkjesong og gudstenesteliv i Den norske kyrkja. Forbundet organiserer kor som i hovedsak har aktiviteten sin knytt til lokale gudsteneste- og kulturliv i Bjørgvin bispedømme, og forbundet har som si oppgava å leggja til rette tilbud som kan supplera og verka samlande både for det einskilde kor og for fellesskapet i forbundet.

### **Tillitsvalde 2016:**

Styre og varamedlemmer har slik samansetjing denne valperioden:

**Leiar:** Gro Anthun, er vald som leiar for 1 år. Vald til styret for 2016.

**Nestleiar:** Eli-Johanne Rønneklev. Vald for 2 år (2016/17).

**Kasserar:** Lenamaria Gravdal, dirigent for Prima Vista i Åsane. Vald for 2015/16.

**Skrivar:** Trygve Møster, korsongar i Vokalensemplet Sotra Reviderte. Vald for 2015/16.

**Styremedlem:** Lena Aarskog Austevoll, korsongar i Cantus, Skjold. Vald for 2016/ 2017.

**Styremedlem:** Oddmund Sagstad, korsongar Askøy kirkekor. Vald for 2016/ 2017.

### **Varamedlemmer:**

1. Gerd Inger Eide Yddal , kantor Åsane kirke. Vald for 1 år (2016).
2. Anders Rinde. Vald for 1 år(2016).

### **Musikkutval:**

Nedlagt og tatt ut av vedtekter.

### **Valnemd:**

Anne Gurine Folgerø Gjøsæter, organist på Askøy, Erdal kyrkje (2016)

Mark Taylor(2016).

### **Webansvarleg:**

Trygve Møster, korsonger i Vokalensemplet Sotra Reviderte, utnevnt av styret.

### **Revisor:**

Anne Watne Størkson 1 år (2016).

### **Medlemskor i 2016:**

Bjørgvin Kyrkjesongforbund hadde pr. 31. desember-2016, 31 medlemskor med rundt 660++ songarar. (Alversund Kammerkor, Arna Kyrkjekor, , Askøy Kirkekor, Balsam, Bergen Domkor, Birkeland Kantori, Bremnes Kantori, Bømlo kyrkjekor, Cantus- Skjold, Cantus-Dale i Fjaler, Con Spirito frå Salhus i Åsane, Fana Kyrkjekor, Førde Kyrkjekor, Hardangerkoret, Jondal Grendakor, Kinn Kyrkjekor, Kvinnonetten, Kyriaké, Moster Kyrkjekor, Musica Sacras kor, Lindås/Myking Kantori, Prima Vista (Åsane), Sanctus Stord, Sangkompaniet (Klokkarvik), Slettebakken Motettkor, Stolmen Kyrkjekor, Ver-eide Kyrkjekor, Vokalensemplet Sotra Reviderte, Voss- og Omland Kantori, Øygardskoret, personleg medlem: Eilert Tøsse, Eli-Johanne Rønneklev, Valborg Plo, Elise Thue Øyen og 1 æresmedlem: Ragnar Grøm. (Det er pr desember 2016, betalt kontingen for 614 medlemmer + ein del purringar + 53 i Hardagerkoret som betalar berre inn til NKSF.)

## Styret sitt arbeid i 2016:

Det har vore 3 styremøter i 2016 med 36 saker. Møte med konstituering av nytt styre vart halde den 19. mai.

Det har vore desse 7 hovudpunktene i BKSF sitt arbeid i 2016:

### Punkt 1: PROTS i Førde 29.-31 . januar 2016.

Per Oddvar Hildre var bestilt lang tid i forvegen pga fulle ordrebøker. Det vart bestemt å bruke same invitasjon som ved førre PROTS seminar i Nysæter på Stord. Samarbeid med Sunnfjord folkehøgskule om øvingslokale for seminaret. Gro Anthun hadde hovudansvaret for arrangementet. Jens Arne Stautland assisterte. 70 koristar deltok.

Per Arild Skorgen var med på piano.

Avslutningskonsert i Førde kyrkje søndag 31.januar 2016, kl 17:00. Stort frammøte og ein flott konsert.

### Punkt 2: Samarbeidsprosjekt med Ung kirkesang: Bjerkrheimjazz. Prosjekt hausten 2015 og våren 2016.

BjerkrheimJazz er musikk komponert og arrangert av Olav Arne Steinkopf, til tekstar av salmediktaren Trygve Bjerkrheim. Det deltok ca 80 koristar i prosjektet. Dei kom frå Ung kirkesang, Kyriake Os, Cantus Fjaler, Førde kyrkjekor og Kilden Vaksdal.

Konsert arrangement: Dirigent: Tone Synnøve Øygard Steinkopf. Solist: Ole Strøm. Saksofonist: Frøydis Grorud. Kontrabass: Magne Tormodsæther. Trommer: Sigurd Øygard Steinkopf.

Orkesterleiar: Olav Arne Steinkopf. Produsent: Gro Anthun.

Konsert i Bergen Domkirke 16.4. og Os Kyrkje 17.4. Stort frammøte begge stader. Flotte konsertar. For BKSF var dette var eit stort og omfattande prosjekt med mange aktørar og stort budsjett, men kjekt å vera med på og få i havn med stor suksess. Konserten fekk økonomisk støtte frå fleire instansar.

### Evaluering:

Det var sjølvagt ei utfording for dei involverte å fylla ut alle søknadsformular for å få nødvendig støtte til konsertane. Men også dette har gått veldig bra. Støtte frå OFV, Bergen kommune, Ung kirkesang sentralt, Trygve Bjerkrheims Venner. Av utgifter kan nevnast, honorar til musikarar, dirigent, prosjektfolk, Lyd/lys firma, overnatting og mat til ungdomar og musikarar. Annonser i BT og Os-Fusa posten. Foreløpig ca tall inntekter, 148000, utgifter 190000. Underskudd blir dekka av UKS og BKSF.

PS: Overnattinga på Montana var ei fin oppleveling for alle.

### Punkt 3: Vårtreffet 2016. Hjelme kyrkje i Øygarden den 4. juni.

Kantor Anne Lise Grøm og Øygardskoret var vertskap.

Medverkande kor var Askøy kirkekoret, Slettebakken Motettkor og Sanctus frå Stord (Nysæter).

### Fellesnummer:

- Bjarne Sløgedal: Herre Jesus gi meg nåde  
Antonio Vivaldi: 1. sats av Gloria  
Svein Møller: Den blomstertid nå kommer  
Spiritual. Arr. Ruth Bakke: Every time you feel the spirit

Solistinnslag: Eli-Johanne Rønneklev, Egil Sæle. Anja Sandvoll var med som fløyttist. Akkompagnetør: Bjarte Aadland.

Øygardskoret hadde 2 eigne innslag:

1.»Dagen viker og går bort». Norsk folketone frå Øygarden etter Nils Pettersen Herdlevær. Sats: Anne Lise Grøm.

2. «Gud, du som bor i et lys» .M.Egil Hovland, sats: Henrik Ødegaard, T. Britt Hallqvist/ Arve Brunvoll

Dirigent: Anne Lise Grøm, på fellesnummer og særnummer.

Flott vårtreff i Øygarden. Fantasisk vakker plass med utsikt til havet i varm sol og ingen vind.  
Veldig flott konsert.

**Punkt 4:** Haustreff med salmeseminar.

Det vart jobba ein del med å få til dette hausten 2016, men seminaret let seg ikkje gjennomføra av ulike årsaker.

**Punkt 5:** Planlegging av Lutherfest 3.-5. mars 2017.

BKSF vart invitert til å delta på Luther – salmefest. Klipp frå invitasjon:

«**Luther jubileum 3-5 mars 2017** i regi av Bispekontoret ved Grung og Domkyrkja ved Kjetil Allmenning.

**Velkommen til Reformasjonsbyen Bergen i mars 2017.**

I anledning markeringa av Reformasjonsjubileet – og Bergen si rolle som Norges Reformasjonsby i 2017, - inviterer vi kor av alle slag og alle aldra til å bidra i SalmeFest fredag 3. mars 2017 og SalmeStafett/Allsalmesang laurdag 4. mars 2017.»

Invitasjon vart sendt ut til BKSF sine kor og koristar:

«**Reformasjonsbyen Bergen 2017** inviterer deg og ditt kor til å bli med på Lutherfestdagene 3. og 4. mars i Bergen.

Vi inviterer til SalmeFest i Bergen domkirke fredag 3. mars kl. 18.00 til 22.00. En helkveld med flott korsang og allsang. Korene synger to salmer hver og ønskes også velkommen til å være med i allsangen og som publikum!

Blir du/dere med? Meld inn fire favorittsalmer i prioritert rekkefølge, og så velger vi ut to, som dere får framføre på Salmefesten.  
Gro Anthun er prosjektleiar på Salmefesten.

(Lørdag 4. mars 2017 blir det Salmestafett og AllSalmeSang på Torgalmenningen fra kl. 12. 00 til 14. 00. «

Kor, salmesykler / trøorgler har en sentral rolle i det som blir et festlig oppløp til Jubileumsåpningen på scenen kl. 13.)

**Punkt 6:** Planlegging av Gloria av Vivaldi, vår og haust 2017.

Vårtreff og samtidig Gloria øving var BKSF sin plan A. Dette gjekk ikkje. Så difor enda vi opp med ingen vårtreff, men Gloria øving 13. mai i Centralkirken i Bergen. Fylgjande innvitasjonen vart sendt ut:

**Bjørgvin Kirkesangforbund inviterer til:**

**GLORIA av Antonio Vivaldi**

**med Fana kammerorkester**

**og dirigent Harald Jacob Holtet**

**Konsertar:**

Lørdag 30. september kl. 19 i Åsane kirke.

Søndag 1. oktober kl. 17 i Slettebakken kirke.

Då blir også Olav Øgaards minnepris delt ut for første gong.

**Fellesøvingar:**

Lørdag 13. mai kl. 10-16 i Centralkirken, Bergen.

Fredag 18.–lørdag 19. august i Søreide kirke.

Fredag 29. september i Slettebakken kirke.

Lørdag 30. september generalprøve i Åsane kirke.

Det har vore framifrå god påmelding til dette prosjektet. 80-85 koristar er påmeldt.

**Punkt 7:** Olav Øgaards minnefond for unge kirkemusikere.

BKSF er invitert til å vera med i styret til Olav Øgaard sit minnefond for unge musikere. Styret ser slik ut i hht. Stiftelsesvedtekten:

«*STYRE*

Minnefondet skal ledes av et styre på 5 medlemmer, som er fondets øverste organ. Styret skal bestå av:

3 personer fra Olav Øgaards familie, eller som Olav Øgaards familie har utpekt;

1 person med tilknytning til Slettebakken menighet;

1 person med tilknytning til Norges kirkesangforbund/Bjørgvin kirkesangforbund.

Det første styret er oppnevnt av Hildegunn Melvær Øgaard. Styret er deretter selvsupplerende.

Hildegunn Melvær Øgaard er medlem av styret så lenge hun ønsker.

Styrets sammensetning ved opprettelse:



Hildegunn Melvær Øgaard

Sigurd Melvær Øgaard (oppnevnt for to år)

Arnar Øgaard (oppnevnt for ett år)

Kåre Rivenes, Slettebakken menighet sin representant (oppnevnt for ett år)

Eli-Johanne Rønneklev, BKSF/NKSF sin representant (oppevnt for to år)»

Trygve Mørster /BKSF skriver/(sekretær) Bergen: Mai 2017

Sign.